



Notat

Integrering og inkludering

Til: Sogn regionråd
Fra: Dagleg leiar
Dato: 20.8.2018

Innleiing

Sogn regionråd har integrering og inkludering som eit arbeidsområde i regionalplanen for 2017-2020. Det overordna målet i regionalplanen er at Sogn skal ha minst like god arbeidsplassvekst som i fylket elles og at Sogn skal ha folketalsvekst som er større enn det som har vore veksten siste ti åra. Integrering og inkludering inngår i satsingsområde attraktiv buregion som har følgjande delmål : «Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen».

Sogn regionråd har over tid arbeidd for å profilere regionen for tilflytting mellom anna gjennom deltaking i karrieremesser. Dette arbeidet skal vi halda fram med. Samstundes bør vi retta meir fokus på at innvandrarar som alt er i vår region blir buande.

Strategiane som er nedfelt i vedteken regionalplan om integrering og inkludering er at Sogn regionråd skal vera:

- pådrivar for eit godt utdanningstilbod for personar med minoritets-/ innvandringsbakgrunn som er tilpassa kommunane og næringslivet sine behov
- medverka til at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Tiltaket er at vi skal delta i samarbeid for å styrka sysselsetjinga blant innvandrarar og flyktningar for betre inkludering i lokalsamfunnet.

Integrering blir ofte brukt om tiltak knytta til nye flyktningar. Inkludering kan ha ei breiare tilnærming og handle om at alle skal ha like moglegheiter og pliktar til å bidra og delta i samfunnet (Distriktssenteret¹).

Nasjonale mål og føringar

Det blir frå fleire hald framheva at arbeidspraksis og jobb er nøkkelen til integrering.

Styresmaktene sine mål er at 55 prosent av deltakarane skal vera i jobb eller utdanning direkte etter introduksjonsprogrammet og 70 prosent etter eitt år. Målet er aldri blitt nådd på landsbasis. Det er store variasjonar mellom kommunane. I nokre kommunar kjem 8 av 10 i arbeid eller utdanning, medan det i andre kommunar er berre tre av ti som kjem vidare.

I løpet av hausten legg regjeringa fram ein integreringsstrategi og til våren ei reform av introduksjonsprogrammet. Blant utfordringane som regjeringa peiker på er stor variasjon i introduksjonsordninga mellom kommunane, mange innvandrarar står utanfor arbeidslivet og mange manglar den formelle kompetansen som arbeidslivet etterspør. Barn av innvandarforeldre utgjør ein stadig aukande del av fattige barn i Noreg. Betre norskopplæring og meir langsiktig kvalifisering er blant krava som vil kome i integreringsløftet. Regjeringa ønskjer å erstatte krav om tal timar undervisning med

¹ Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling – temahefte Distriktssenteret, 2017

krav om at alle faktisk lærer seg norsk. Kunnskap om norsk språk og samfunn skal styrkast. Det er varsla større vektlegging på formelle kvalifikasjonar og at det skal bli mogleg å ta fagopplæring som del av introduksjonsprogrammet. For å få dette til føreset det samarbeid mellom kommunen, fylkeskommunen, NAV og næringslivet. Fleire kommunar i landet har tilbod om fagopplæring i introduksjonsprogrammet allereie.

Regjeringa vil også ha sterkare fokus på kvardagsintegreringa, kor dei frivillige lag og foreiningar ei avgjerande rolle.

Status for Sogn

- Kommunane i Sogn busette fleire flyktningar pr innbyggjar i 2016 enn gjennomsnittet i landet. I Sogn var det busett 5,3 promille flyktningar pr innbyggjar. Talet for landet er 2,9 promille.
- Sogn har lågare del innvandrarar av folkesetnaden enn elles i landet. I Sogn utgjør delen 9,7 prosent. Delen for landet er 13,8 prosent. Vi har lågare del pr innbyggjar enn dei tre andre regionane i fylket.
- I sognregionen er det ein lågare del av innvandrarar som er i arbeid samanlikna med folkesetnaden elles: 61,7 prosent av innvandrarar var i arbeid i Sogn. For folkesetnaden utanom innvandrarar var 69,5 prosent i arbeid i Sogn.
- I Sogn var 66 prosent av deltakarane i arbeid eller utdanning året etter endt introduksjonsprogram i vår region. Landssnittet var på 58 prosent (2014, imdi.no).
- Utbetalt tilskot frå IMDi totalt i Sogn var kr 190,8 mill i 2017 (imdi.no).

Vedlegget inneheld fleire tal og fakta henta frå imdi.no.

Inkludering som regionalt samarbeid

Som nemnt er 1 av 10 innbyggjarar i Sogn innvandrar. Ifølgje NAV skårar fylket vårt lågare enn andre i høve norskopplæring og busetjing av flyktningar, og det er stor arbeidsløysing blant innvandrarar i fylket. Fleirtalet av innvandrarane i distrikts-Norge er i arbeidsfør alder.

Fleire kommunar har utfordringar med å tiltrekkje seg kompetanse i tråd med lokale arbeidskraftbehov. Innvandrarar kan vera ein del av løysinga av denne utfordringa. Kommunane, næringsliv og frivillige organisasjonar har her felles interesser.

Distriktsutvikling og innvandring er koplade tett saman (Distriktsenteret). NIBR sin rapport om innvandrarar og sysselsetjing i eit regionalt perspektiv (2015:20) ser på arbeids-, integrerings- og regionalpolitikken og kva fordeler ein kan oppnå ved å sjå dei tre politikkområda i samanheng. Rapporten oppsummerer mellom anna at gjennom samarbeid om den regionale arbeidsmarknaden kan ein oppnå meir innan integrering.

God inkludering kan medverka til at vi klarer å behalde fleire av dei som kjem til vår region. Mål og strategiar i regionplanen viser at rådet ser inkluderingsarbeidet som tiltak for å auka folketalet i regionen og at det bør skje i eit samarbeid mellom kommunane, lokalt næringsliv og frivillig sektor. Rådet ser eit potensial for meir samarbeid for å få auka i sysselsetjinga. Vi har erfaringar frå andre område at regionalt samarbeid gir meirverdi, og der vi også har vore tidleg ute med å implementere nasjonale satsingar og føringar. Ved å dela, skapa og bruka ny kunnskap vil kommunane ilag oppnå meir enn kvar for seg.

Samarbeidet kan ta ulike former og med deltakarar frå kommunane og med eksterne aktørar. Dette kan vera alt frå deling av erfaringar og kunnskap i nettverk til konkret, formalisert samarbeid om mål og oppgåver og felles tiltak. Kva samarbeidsform som er best eigna innan inkluderingsarbeidet bør drøftast i løpet av hausten.

Forankring på politisk og administrativt toppnivå har betydning for merksemda og at integrering blir prioritert (NIBR 2015:20²). Involvering i arbeidet vil også kunne bidra til å stimulera og leggja grunnlaget for eit meir aktivt og breiare samarbeid med dei andre sentrale aktørane, og eit sterkare eigarskap til seinare arbeid.

For å ta dette arbeidet vidare bør det utarbeidast ein felles plattform for kommunane ilag med samarbeidspartnarar frå ulike lag, interessefelt og etatar.

Administrasjonen foreslår at regionrådet tek initiativ til eit arbeidsseminar med hovudtema: Kva skal til for at flyktningar, familieinnvandrarak og arbeidsinnvandrarak vel å bli buande i Sogn og at vi beheld dei i vår region?

Innhald i arbeidsseminar og vidare arbeid:

Formålet med utviklingsarbeidet er å få fleire innvandrarak til å bli buande i Sogn.

Aktuelle problemstillingar: Kvifor flyttar innvandrarak ut av regionen? Kvifor har dei ikkje arbeid? Kva er moglegheiter og hindringar i inkluderingsarbeidet? Kva kjem av nasjonale føringar? Korleis styrke den arbeidsretta innsatsen i introduksjonsprogrammet? Kva motiverer og kva hindrar bedrifter til å rekruttera og tilretteleggja for arbeidsinkludering? Kva er gode samarbeidsmodellar? Korleis gå fram for å lukkast i praksis?

Målgruppe: Kommunane (politisk og administrativ leiing, flyktningtenesta), NAV, fylkeskommunen, lokalt næringsliv, næringsorganisasjonar og frivillige lag og organisasjonar.

Innsatsområde og konkrete aktivitetar vil kome fram gjennom seminaret og etter innspel frå deltakarane. Døme kan vera:

- kartlegga status og utviklingstrekk
- få fram kunnskap om framtidig behov på arbeidsmarknaden
- medverka til at kvalifisering og utdanning er retta mot det som arbeidslivet etterspør
- kompetanseheving gjennom fagbrev og yrkesretta kompetansetiltak som felles tiltak
- erfaringsutveksling og kunnskapsdeling om virkemiddel og handlingsrom for å få god inkludering
- sjå til gode døme i regionen og elles i landet

Arbeid er nøkkelen til integrering. Gjennom ei kartlegging og analyse kan vi få tydelegera fram utfordringar, behov og moglegheiter i inkluderingsarbeidet. Seminaret bør vise verktøy og metoder for sterkare arbeidslivstilknytting samt fokus på praktiske døme. Kva finst det av gode eksempel som kan vera relevante for oss å sjå på. Innspel og drøfting på seminaret vil også bli lagt til grunn for å definere og velja ut arbeidsområde og vurdere samarbeidsform. Etablering av ressursgruppe/prosjektgruppe med deltaking frå kommunane og samarbeidspartar bør vurderast og kan gje eit godt grunnlag for erfarings- og kunnskapsdeling, drøfte samarbeidsform og utarbeide prosjektplan.

Distriktsenteret vil bidra med innspel til seminaret og utviklingsarbeidet. Det vil vera ein fordel om representantar frå kommunane blir med i førebuingane til seminaret.

Administrasjonen legg fram sak til regionrådet til neste møte og tilrår at rådet set av midlar til å gjennomføre seminaret.

Vedlegg: Tall og fakta frå Imdi.no

² Sysselsetting av innvandrere – regionale muligheter og barrierer for inkludering, NIBR-rapport 2015:20